

BADNA JAZZ

VEDLEGG: Mambokameratane

Årets urframføring på Badnajazz er eit samarbeid mellom born og ungdom frå Voss og omegn og det norske latinbandet Mambo Compañeros, Noregs leiande salsaband dei siste 20 åra! Her kan du oppleva blåsarar, trommeslagarar, strykarar og dansarar frå Voss Kulturskule, Voss Skulemusikk sine drilljenter og ikkje minst Vossa Jazz sitt eige Badnajazzkor. Me kan garantera heftige rytmar og spansk song frå dei karibiske øyar – spørsmålet er vel om publikum klarar å sitja stille på plassen sin?

Vossa Jazz er ein internasjonal festival med jazz, folkemusikk og verdsmusikk som musikalsk profil. Festivalen er nyskapande og leverer kvart år nye produksjonar der Tingingsverket er det mest kjente. I tillegg lagar festivalen eigne produksjonar for born og unge; **Badnajazz** er festivalen for, av og med born. Det er viktig at borna får eit godt og breitt musikalsk tilbod. Gjennom konsertar og verkstader vil Vossa Jazz tilby dei yngste eit spenstig og utviklande program. Badnajazz har levert 16 festivalar og 12 Tingingsverk. Badnajazz-komponistar har mellom andre vore Ole Hamre, Terje Isungset, Ivar Kolve, prosjektet Fargespill, Herborg Kråkevik, Side Brok, Berit Opheim, Asbjørn Sundal, Thomas Strønen og Sigrid Moldestad. Dei siste åra har me brukt Kulturhuset som base for hovudprogrammet til Badnajazz på laurdagen. Me avsluttar den tradisjonelle paraden ved Voss kulturhus og får slik ein god start på programmet der. Me har i tillegg konsertar i kultusalen og opplesing i Biblioteket av årets Falturiltu-festivalforfattar. Dette er eit samarbeid med Falturiltu, Norges einaste nynorsk barnebokfestival, og Voss Bibliotek.

Samarbeid er ein av nøklane til den gode utviklinga Vossa Jazz har hatt lokalt og regionalt. Ved å trekka inn ulike samarbeidspartnarar får ein eit betre resultat og større engasjement rundt og for arbeidet! Det er viktig at born og unge får delta aktivt i gode kultur og kunstopplevingar, gjerne nyskapande prosjekt!

Vossa Jazz er godt i gang med å jobba fram årets Tingingsverk til Badnajazz. Då er det Mambo Compañeros som skal vera grunnstamma i musikken som vert framført saman med born og ungdom. Bandets medlemmer:



Alexander Fernandez – vokal
Luison Medina – congas, vokal
Bjørnar Søreng – timbales
Magnus Forsberg – trommer
Kjetil Sandnes – bass
Morten Huuse – piano
Kåre Kolve – saksofon, fløyte
Morten Schrøder – trompet

Vossa Jazz er ein inkluderande festival og me jobbar hardt med å invitera med born og ungdom. Me ynskjer også at våre prosjekt skal vera med og knyta band over kommunegrensene og har i år invitert med unge frå kulturskulen i Eidfjord. Det er også viktig for Vossa Jazz å halda fram det gode samarbeidet me har med andre aktørar i bygda, i år det Voss skulemusikk, drilljentene og elevar i Voss kulturskule som er med i vårt store konsertprosjekt *Mambokameratane*. For borna som deltek vil måla i kulturplanen under punktet om Kulturskulen verta oppfylt, mellom anna målet om samspel og samarbeid med andre aktørar og det å få opptre på ein tilrettelagt arena som Vossa Jazz er.



Badnajazzkoretet består av 30-40 born frå 2.-6. klasse, dei øver ein gong i veka med Olav og Anne Siri Undeland som leiarar. I år er det også musikantar på saksofon, klarinett, trommer og vokal frå Voss skulemusikk og songarar og strykarar frå Voss kulturskule som skal vera med. I tillegg skal drillen til skulemusikken og dansarar ved kulturskulen bidra. Det er duka for ein heftig og rytmesterk gjeng på scena med andre ord!

Framdriftsplan

Kor tid	Kva	Ansvarleg
Januar 2017	Øving, song	Olav Undeland
Mars 2017	Øvingshelg for dei medverkande, leia av Kåre Kolve	Trude
Kvar veke januar - april	Korøving	Olav/ Trude
Fredag 7. - april	Sy ferdig produksjon, rammer, innhald	Kåre Kolve
Laurdag 8. april	Øving, generalprøve	Alle profesjonelle og borna/ungdomane
Sundag 9. april	Framføring Vossasalen kl. 13:00	Alle

Budsjett

UTGIFTER

Honorar artistar, øvingar og framføring	32 000
Honorar øvingshelg	6 000
Leige lokale	5 000
Lyd øvingar/ gjennomføring	16 000
Reiser øving 2 stk. Tr.heim-Voss	6 000
Overnatting, diett øving	4 000
Overnatting , diett	12 000
Reise Tr.heim/Oslo/Voss	24 000
Kulisser, dekor	5 000
Servering øvingar og framføring	5 000
Totalt	115 000

INNTEKTER

Billettinntekter	30 000
Stønad Voss kommune	35 000
Del Vossa Jazz	50 000
Totalt	115 000

Vossa Jazz står i tillegg for det administrative arbeidet og vil også bruka frivillige til deler av gjennomføringa av prosjektet.

Vossa Jazz jobbar aktivt med å presentera nye musikalske inntrykk for borna. Det er viktig at alle får oppleva noko nytt, noko annleis, noko fint og kanskje noko ein tykkjer er rart? Det er ikkje farleg om ikkje alle likar alt, det som er viktig er at me lærer borna våre å prøva noko nytt- god kunst vert som me veit ikkje nødvendigvis servert på dei kommersielle plattformane. Vossa Jazz er nyskapande og skal Voss leva opp til sitt sterke omdømme må me syta for at me held fram å utfordra borna og gje dei sterke musikalske opplevingar. Slik vil ein kunna halda hevd på tittelen som kulturbygd og kanskje leva opp til omdømmet som bygd for sterke opplevingar, - også i framtida.

Voss, 27.02. 2017

Trude Storheim
Dagleg leiar